


NAUSTDAL KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I NAUSTDAL KOMMUNE			
Møtestad:	Kommunestyresalen	Møtedato:	5/21/2013
		Frå kl. :	08:30
		Til kl. :	12:00
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :			
	Møtte:	Forfall:	Merknader :
1. Randi Elvebakk Reiakvam, Reiakvam, 6817 Naustdal	X		
2. Elin Schei Stuhau, Kalland, 6817 Naustdal	X		
3. John Bendiksen, 6817 Naustdal	X		
4. Øystein Garfors, Klettalia 17, 6817 Naustdal	X		
5. Inge Kalland, Helle, 6817 Naustdal	X		
Personlege varamedlemmer :			
	Møtte:		
1. Ellinor Friis, Bervellene, 6817 Naustdal			
2. Alv Skaflestad, Horstad, 6817 Naustdal			
3. Erlend Haugen Herstad, 6817 Naustdal			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			
Ordfører og rådmann får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møter.			
Andre som møtte :			
SEKOM-sekretariat v/ Vidar Øvrebø. Rådmann Øyvind Bang Olsen i sak (14/13 - 17/13) Revisor Kari Sygna i sak (12/13 - 14/13)			
Saker som vart handsama / drøfta i møtet :			
SAKLISTA I MØTET :			
012/13 Godkjenning innkalling og sakliste			
013/13 Skriv og meldingar.			
014/13 Årsrekneskap og årsmelding 2012 – Naustdal kommune			
015/13 Plan for forvaltningsrevisjon – Naustdal kommune.			
016/13 Statusliste med oppfølging av kommunestyresaker.			
017/13 Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publik			
018/13 Oppfølgingsliste 2-2013 – Naustdal.			
019/13 Eventuelt.			
Det var ingen merknader til møteinnkallinga.			
UNDERSKRIFTER :			
6817 Naustdal 21.05.2013			
 Randi Elvebakk Reiakvam			
 Øystein Garfors			
 Inge Kalland			
 Elin Schei Stuhau			
 John Bendiksen			
 Vidar Øvrebø, sekretær			

012/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	012/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.

013/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat
Dato: 13.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	013/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 09/13: Kommunestyrevedtak 08/13 «Referat og meldingar», datert 21.03.2013.
SM 10/13: Kommunestyrevedtak 15/13 «Årsmelding 2012 – Kontrollutvalet i Naustdal», datert 21.03.2013.
SM 11/13: Brev frå Naustdal kommune til KRYSS-revisjon «Tilsyn i forhold til risiko og misleghald 2012», datert 06.02.2012.
SM 12/13: Kontrollrapport 2012 vedkommande skatte oppkrevjarfunksjonen for Naustdal kommune, datert 15.02.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

014/13 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2012 - NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	014/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Naustdal kommune
- Årsmelding. (Sendt på Ipad)
- Rekneskap 2012. (Sendt på Ipad)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Naustdal kommune, datert 13.05.2013.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Naustdal kommune, datert 21.05.2013.

ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2012 - NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Naustdal

Naustdal 21.05.2013

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPE OG ÅRSMELDING 2012 FOR NAUSTDAL KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Naustdal kommune er handsama i kontrollutvalet i Naustdal 21.05.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 15. april 2013.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen. Rekneskapen viser eit positivt brutto driftsresultat på kr. 4,737 millionar og eit netto driftsresultat på kr. 3,854 millionar. Rekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 2,247 millionar. Det er kommunestyret som disponerer mindreforbruket.

Revidert driftsbudsjett på inntektssida var kr. 192,742 millionar. Rekneskapen viser kr. 206,753 millionar.

Revidert budsjett på utgiftsida var kr. 190,544 millionar. Rekneskapen viser kr. 202,016 millionar.

Brutto driftsresultatet er kr. 2,540 millionar betre enn budsjettet. Etter eksterne finanstransaksjonar og motpost avskrivningar kjem ein ut med eit netto driftsresultat på kr. 3,513 millionar betre enn budsjettet.

Revisjonen tek i konklusjonen under avsnittet «uttale om årsrekneskapen» tre atterhald om årsrekneskapen for Naustdal kommune, vi viser til revisjonsmelding for detaljar.

Det er relativt store avvik mellom resultat og regulert budsjett på enkeltpostar i «Økonomisk oversikt – drift». Revisor har påpeika dette med atterhald i revisjonsmeldinga i konklusjon om budsjett under avsnittet «uttale om øvrige forhold».

Einingane kjem samla ut med overforbruk, jfr side 22 i årsrekneskapen. Drifta i seksjonane er kommentert i årsmeldinga side 17 og utover. Det vert vist til dette for detaljar. På side 22 i rekneskapen er det sett opp ei oversikt over resultatet for einingane.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på kr 1 274 965,- Dette må oppfinansierast Jfr. presisering i revisjonsmeldinga.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Det har heller ikkje vore lagt fram prosjektrekneskap for kontrollutvalet i 2012 slik reglementet til Naustdal kommune krev. Jfr. presisering i revisjonsmeldinga.

Det er relativt store avvik mellom resultat og regulert budsjett på enkeltpostar i «Økonomisk oversikt – invistering». Revisor har påpeika dette med atterhald i revisjonsmeldinga i konklusjon om budsjett under avsnittet «uttale om øvrige forhold».

Lånegjelda har auka i 2012. Gjeldsgrada har auka frå 91,1% i 2011 til 93,5% i 2012 i årsmeldinga s. 13

Arbeidskapitalen er positiv. Kommunen har likevel hatt utfordringar i høve til likviditet. Det vert vist til Årsmeldinga side 14 der det går fram at kommunestyret har vedteke å inngå ei kassakredittavtale på kr 10 millionar kroner.

Kontrollutvalet viser til årsmeldinga og kommentarane til årsrekneskapen frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga. Revisor har fire atterhald og to presiseringar til rekneskapen.

Med revisor sine atterhald og presiseringar meiner kontrollutvalet at rekneskapen 2012 for Naustdal kommune kan godkjennast slik han ligg føre.


Randi Elvebakk Reiakvam
- leiar -


Elin Schei Stuhaug
- nestleiar -


John Bendiksen


Inge Kalland


Øystein Garfors

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

015/13 PLAN FORVALTINGSREVISJON – NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	015/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2015 – Naustdal kommune, datert 21. mai 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Dokumentet «Overordna analyse for Naustdal kommune» med vedlegg, datert 04.02.2013.
Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 031/11 «Overordna analyse»

Kontrollutvalssak 09/13 «Overordna analyse – Naustdal kommune»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Naustdal kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til Bystyret:

- Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet i påvente av rådmannen sin orientering frå sektor skule og kultur.

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggast fram plan for forvaltningsrevisjon for kommunestyreperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestekområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) regelverket vert etterlevd,*
- d) styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalssak 031/11 ”Overordna analyse”, vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå KRYSS-revisjon..

I kontrollutvalsmøte 12.02.2012 i sak 009/13 ”Overordna analyse – Naustdal kommune” vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontrahering av nybygg og nyanlegg
- Innkjøp/Inngåande fakturaer.
- Kontroll av lønsområdet i kommunen.
- KOSTRA- til hjelp og planlegging og styring.

- Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.
- Kontroll av lønsområdet, Bruk av timelister, Midlertidig tilsetjing, Tilsetjingar i deltidstilling.
- Evaluering av NN samarbeid.
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå?
- Budsjettprosess / fordeling av ressursar.
- Korrekt handsaming av din sak?
- Oppfølging av vedtak i Førde kommune.
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/ordning
- Sjukefråværet - årsak og samanhengar.
- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenestemråder.
- Sjukefråværet - Bruk av eigenmeldingar, fråversregistreringar, personar på timelister.
- Sikring og bruk av kunst.
- «SUM»/Sunnfjord Miljøverk IKS.
- Organisering av legeordninga.
- Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Naustdal kommune er delaktig i.
- Organisering av tenestene
- Sakahandsaminga, vedtak, svargjeving.
-

Fylkesmannen sin plan for tilsyn i 2013 er også henta inn. Planen syner at det skal vere «Tilsyn med rehabiliteringstilbodet til pasientar som er overført frå spesialisthelsetenesta til sjukeheim etter hoftebrot eller hjerneslag» (utført), «Beredskapstilsyn Naustdal kommune».

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 3 - 4 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2015.

Sekretariatet sine vurderingar:

016/13 STATUSLISTE MED OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat
Dato: 13.05.2013

Utvål	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	016/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Oversikt over oppfølging av kommunestyresaker

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 027/11 «Saker til kommunestyret – Oversikt og oppfølging».
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.

STATUSLISTE MED OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet har som fast sak i møtet at rådmann legg fram statusliste over oppfølging av kommunestyrevedtak i Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Naustdal gjorde følgjande vedtak i sak 027/11 «Saker til kommunestyret – Oversikt og oppfølging»:

- *Kontrollutvalet ynskjer å få tilsendt ei oppdatert statusliste til kvart kontrollutvalsmøte.*

Kontrollutvalet har etter dette sak «Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak» som fast sak på saklista.

Rådmann møter i kontrollutvalet og orienterer om status i kommunestyrevedtak i Naustdal kommune.

Rådmann er kalla inn i saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

OVERSIKT OVER KOMMUNESTYROPPFØLGING

Kommunestyre 14. februar 2013

Saknr	Sak	Vedtak	Merknad
001/13	Referat skriv og meldingar	Ok	
002/13	Konsesjon ved overtaking av fast eigedom etter konsesjonslova på vilkår	Naustdal kommune gjev i medhald av lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom av 28. november 2003 nr 98 Hilde Seilen og Kim Horstad konsesjon på erverv av eigedommane gbnr 128/ 1, 7 og 14 og gbnr 129/5 i Naustdal kommune som avtala i kjøpekontrakt datert 10. desember 2012 og på vilkår av at Hilde Seilen og Kim Horstad buset seg på eigedommen innan 30. mai 2013. Buplikta gjeld frå den dato og 5 år framover, til 30. mai 2018.	Konsesjon er gitt
003/13	Konsesjon ved overtaking av fast eigedom etter konsesjonslova	Naustdal kommune gjev i medhald av lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom av 28. november 2003 nr 98 KjellJoar Kvamme konsesjon på erverv av eigedommane gbnr 115/4 i Naustdal kommune som avtala i kjøpekontrakt datert 16. januar 2013 og på vilkår av at KjellJoar Kvamme buset seg på eigedommen innan 30. mai 2013. Buplikta gjeld frå den dato og 5 år framover, til 30. mai 2018.	Konsesjon er gitt
004/13	PROSJEKT BARNEVERN SAMARBEID I SUNNFJORD - VIDARE FRAMDRIFT	Naustdal kommunestyre gjer vedtak om vidare deltaking i utgreiingar kring interkommunalt samarbeid knytt til advokat-, sakkunnig- og konsulenttenester i barneverntenesta. Ein held opent for deltaking også på andre saksområde dersom nabokommunar organiserer eigne samarbeidsprosjekt.	Interkommunal gruppe er oppretta
005/13	ETABLERING AV FRISKLIVSENTRAL	Kommunestyret godkjenner etablering av Frisklivssentral i samsvar med planframlegg frå seksjon Helse. Godkjenning gjeld for første halvår 2013, og føreset at drifta kan tilpassast innanfor vedtekne	Gjennomført

		budsjettrammer.	
006/13	SUPPLERINGSVAL	Framlegg frå valnemnda samrøystes vedteke.	Gjennomført
007/13	ALARMSENTRALEN SOGN OG FJORDANE IKS	Naustdal kommunestyre sluttar seg til uttalen frå SIS og Sogn og Fjordane IKS vedkomande framtidig organisering av alarmsentralar.vedteken.	Uttale frå SIS og Sogn og Fjordane IKS er sendt

Kommunestyre 21. mars 2013

Saknr	Sak	Vedtak	Merknad
008/13	Referat	Ok	
009/13	Skuleruta	Kommunestyret godkjenner framlegg til samordna skulerute for skuleåret 2013-14.	Plan for skuledagar mv. er lagt tilgrunn
010/13	Skisseprosjekt utbygging NBU	Tilrådinga samrøystes vedteken m/ desse kommentarar i tillegg: 1. Skisseprosjektet blir godkjent med merknader som går fram av saka 2. Formannskapet godkjenner endeleg prosjektplan for forprosjektet (møte i april 2013) 3. Investering i ny kapasitet ved Naustdal Barne- og Ungdomsskule til 400 elevar blir 3. Ynskjer framlagt tidleg (juni 2013) ulike skisser for driftsplan til grunn for arbeid med økonomiplan 2014-2017. 5. Ber om at to repr. frå Komite for oppvekst og kultur vert med i styringsgruppa for prosjektet: Annlaug Birkeland Linn Christin Fløholm	Styringsgruppe er konsituert
011/13	DETALJREGULERING TUNAVEGEN BANKBYGG MM, GNR 99 BNR. 68 M.FL.- VEDTAK AV PLAN	1 Saka vert utsett og skal tilbake til planutvalet før endeleg handsaming i kommunestyret. 2 Kommunestyret ber om at byggehøgde 14 meter for område B/F/K 1 vert vurdert av administrasjonen	Saka under arbeid
012/13	Retningslinjer for bruk av tusenårsstaden Sanden og dei nærliggjande områda	Retningslinjer for bruk av tusenårsstaden Sanden, Kommuneparken og dei nærliggjande områda, datert 25.01.2013 vert vedteke av Naustdal kommunestyre Pkt. 3: Endre setningsoppbygging	Retningslinjene vert godkjend

		Camping er ikkje tillate i området. Bilkøyring på Sanden og i Kommuneparken er berre tillate ved naudsynt frakt av utstyr. Pkt. 5: Sanitære tilhøve og renovasjon: • KOK ynskjer at toaletta skal vere open i sommarsesong (når det er finvær) • Må presisere: Utleige av nøklar kostar kr. 200,- ved store arrangement. Sandvolleyballbana skal skjermast og kontrollerast spesielt, primært for å hindre glasbrot i sanden. Camping er som hovudregel ikkje tillate i området. Bilkøyring er berre tillate på Sanden og i kommuneparken ved naudsynt frakt av utstyr. Særskilt løyve til camping kan innvilgas	
013/13	AVTALE OM OVERGREPSMOTTAK I SOGN OG FJORDANE - GODKJENNING	Naustdal kommune sluttar seg til permanent ordning for overgrepsmottak for personar utsett for seksuell vald, slik det framgår av vedlagte plan frå Overgrepsmottak i Sogn og Fjordane og vedtak i KS Sogn og Fjordane sitt Fylkesmøte 7. februar 2012. Naustdal kommune forpliktar seg som deltakar i ordninga til å svare for den økonomiske kostnaden som følgjer av fordelinga kommunane imellom i planen.	Avventar oppstart.
014/13	REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING - ENDRING AV PKT. 7.1 OM LÅNEOPPTAK	Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til endring av pkt. 7.1 i finansreglementet. Punktet har etter dette følgjande ordlyd: 7.1. Vedtak om opptak av lån. «Kommunestyret gjer vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret spesifisert på prosjektnivå og samla låneopptak. Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak får rådmannen fullmakt til å velje låneinstitusjon, velje rentevilkår og fastsetje nedbetalingstid innanfor bestemmelsane i § 50 i kommunelova»	Lagt til grunn for undertekning av lånedokument i 2013
015/13	ÅRSMELDING 2012 -	Årsmelding 2012 frå	Ok

	KONTROLLUTVALET I NAUSTDAL	kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjent.	
016/13	VAL AV VALSTYRE	Tilrådinga vart samrøystes vedteken med følgjande ending: Som varamedlem nr. 7 vert Ole Erik Thingnes vald i staden for Vegard Solheim	Ok

017/13 RUTINAR FOR TILBAKEMELDING PÅ HENVENDINGAR TIL NAUSTDAL KOMMUNE FRÅ PUBLIKUM

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	017/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Oversendingsbrev «Rutinar for svar til innbyggjarane og publikum» frå Rådmannen til seksjonsleiarane, datert 02.05.13.
- «Alminneleg reglar om sakshandsaming», datert 02. mai 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 036/11 "Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum".
- Sak 025/12 "Eventuelt"
- Sak 041/12 "Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum".
- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – "Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum", datert 19.12.2011.
- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – "Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum", datert 20.09.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek rutinane «Alminnelige reglar om sakshandsaming» til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet tek rutinane «Alminnelige reglar om sakshandsaming» til vitande.

RUTINAR FOR TILBAKEMELDING PÅ HENVENDINGAR TIL NAUSTDAL KOMMUNE FRÅ PUBLIKUM

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune har utarbeidd nye rutinar for tilbakemelding til publikum om sakshandsamingstid og alminnelige retningslinjer som han ber seksjonsleiarane fylje opp.

Saksopplysningar:

Den 16.12.11, under sak 036/11 ”Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum” vart det gjort følgande vedtak.

- *Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmann for å orientere om Naustdal kommune sine rutinar på tilbakemelding på henvendingar til kommunen på neste møte i kontrollutvalet.*

I møte den 23.03.2012 vart saka utsett.

I kontrollutvalsmøte den 17.09.2012, under sak 025/12 «Eventuelt» vart det gjort vedtak om å kalle inn rådmann på nytt for å orientere om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum på nytt.

Den 20.09.2012 vart det sendt brev til Naustdal kommune der det blir bedt om at administrasjonen førebur ei kort orientering om kva rutinar Naustdal kommune har ved tilbakemelding på henvendelse til kommunen. Aktuelle tema kan til dømes vere regelverk og retningslinjer som kommunen skal følgje og vedtak ein må etterleve.

I kontrollutvalssak 041/12 «Orientering – rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum, den 03.12.2012 la rådmann fram skriftleg orientering i møtet vedrørande rutinar og tiltak for å sikre tilbakemelding.

Rådmanne la også til at kommunen vil innføre kvalitetssystem for å ivareta reglement og retningslinjer for tilbakemelding.

Rådmann i Naustdal kommune har no utarbeidd nye rutinar for tilbakemelding til publikum om sakshandsamingstid og alminnelige retningslinjer og i brev den 02.05.2013 ber han seksjonsleiarane fylje opp vedlagte reglement «Alminnelege reglar om sakshandsaming».

Skriv frå rådmann «Alminneleg reglar om sakshandsaming» er vedlagt.

Rådmannen er kalla inn i saka.



Seksjonsleiarane

Sakshandsamar:
Øyvind Bang-Olsen
Telefon:
578 16 119
Vår ref.
ØBO/13/245-1/K2-
Dykkar ref.

Dato:
02.05.2013

Rutinar for svar til innbyggjarane og publikum

Med bakgrunn i oppmoding frå kontrollutvalet sender rådmannen ut nye rutinar for tilbake-melding til publikum om sakshandsamingstid og alminneleg retningslinjer som vi ber dykk fylgja opp.

For rutinane har ein teke utgangspunktet i prinsippa i forvaltningslova.

- Publikum og innbyggjarar har krav på å få vite når ei sak kan forventast å bli sakshandsama. Saker skal handsamast innan rimeleg tid, med mindre anna er avgjort i særlov. Dersom ein ventar at saka ikkje kan handsamast innan kort tid skal dei ha svar om når saka vert tek opp til vurdering innan 1 mnd.
- Publikum har krav på rettleiing i samband med saker og kan la eg representere med fullmektig.

Vi ber om at dette blir gjort kjend.

Med helsing

Øyvind Bang-Olsen
Rådmann

ALMINELEG REGLAR OM SAKSHANDSAMING

Rettleiingsplikt

I samband med publikum og andre sine henvendingar og saker har kommunen særskilt plikt til å yte rettleiing

§ 11. (veiledningsplikt).

Forvaltningsorganene har innenfor sitt sakområde en alminnelig veiledningsplikt. Formålet med veiledningen skal være å gi parter og andre interesserte adgang til å vareta sitt tarv i bestemte saker på best mulig måte. Omfanget av veiledningen må likevel tilpasses det enkelte forvaltningsorgans situasjon og kapasitet til å påta seg slik virksomhet.

Forvaltningsorganer som behandler saker med en eller flere private parter, skal av eget tiltak vurdere partenes behov for veiledning. Etter forespørsel fra en part og ellers når sakens art eller partens forhold gir grunn til det, skal forvaltningsorganet gi veiledning om:

- a) gjeldende lover og forskrifter og vanlig praksis på vedkommende sakområde, og
- b) regler for saksbehandlingen, særlig om parters rettigheter og plikter etter forvaltningsloven. Om mulig bør forvaltningsorganet også peke på omstendigheter som i det konkrete tilfellet særlig kan få betydning for resultatet.

Uavhengig av om sak pågår, plikter forvaltningsorganet innen sitt sakområde å gi veiledning som nevnt i annet ledd til en person som spør om sine rettigheter og plikter i et konkret forhold som har aktuell interesse for ham.

Dersom noen henvender seg til urette myndighet, skal det forvaltningsorgan som mottar henvendelsen, om mulig vise vedkommende til rett organ. Inneholder en henvendelse til et forvaltningsorgan feil, misforståelser, unøyaktigheter eller andre mangler som avsenderen bør rette, skal organet om nødvendig gi beskjed om dette. Organet bør samtidig gi frist til å rette opp mangelen og eventuelt gi veiledning om hvordan dette kan gjøres.

Kongen kan gi nærmere bestemmelse om utstrekningen av veiledningsplikten og om den måten veiledningen skal ytes på.

Sakshandsamingstid

Naustdal kommune skal førebu og fatte vedtak fortløpande sjølv om det ikkje er gitt nærmare krav til sakshandsamingstid i forvaltningslova.

I særlover er det gitt egne fristar, mellom anna PBL.

Naustdal kommune skal gje melding om motteke henvending, så raskt som mogeleg og seinast innan ein månad om kva tidspunkt svar kan påreknast eller vedtak bli fatta.

§ 11a. (saksbehandlingstid, foreløpig svar).

Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold.

Dersom det må ventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før en henvendelse kan besvares, skal det forvaltningsorganet som mottok henvendelsen, snarest mulig gi et foreløpig svar. I svaret skal det gjøres rede for grunnen til at henvendelsen ikke kan behandles tidligere, og såvidt mulig angis når svar kan ventes. Foreløpig svar kan unnlates dersom det må anses som åpenbart unødvendig.

I saker som gjelder enkeltvedtak, skal det gis foreløpig svar etter annet ledd dersom en henvendelse ikke kan besvares i løpet av en måned etter at den er mottatt.

Klagefrist

Klagefristar for vedtak blir angitt særskilt.

§ 11b. (adgang for Kongen til å fastsette frister)

Kongen kan på bestemte områder fastsette frister for forvaltningens behandling av saker om enkeltvedtak. Kongen kan ved forskrift gi nærmere regler om beregningen av fristene.

Tilføyd ved lov 25 juni 1999 nr. 47 (ikr. 8 sep 2000 iflg. res. 8 sep 2000 nr. 898).

Munnleg nedteikning

Innbyggjarane i Naustdal kommune har krav på å kunne framføre si sak

munleg, herunder også skal vesentleg informasjon som kjem fram i samtalar, synfaring mv. nedteiknast.

§ 11d. (muntleg framføring og nedtegning av opplysningar)

I den utstrekning en forsvarlig utførelse av tjenesten tillater det, skal en part som har saklig grunn for det, gis adgang til å tale muntlig med en tjenestemann ved det forvaltningsorgan som behandler saken. Dersom en mindreårig er part i saken og blir representert av verge, gjelder dette også den mindreårige selv.

Blir det ved muntlige forhandlinger, konferanser eller telefonsamtaler av en part gitt nye opplysninger eller anførsler av betydning for avgjørelsen av saken, skal de såvidt mulig nedtegnes eller protokolleres. Det samme gjelder iakttagelser tjenestemannen gjør ved befarung m.m.

Fullmektig

Innbyggjarane eller andre som gjer henvendingar til kommunen har høve til å la seg representere. Sakshandsamingsreglar for dette er nedteikna i forvaltningslova.

§ 12. (advokat eller annen fullmektig)

En part har rett til å la seg bistå av advokat eller annen fullmektig på alle trinn av saksbehandlingen.

Som fullmektig kan brukes enhver myndig person eller en organisasjon som vedkommende er medlem av. Forvaltningsorganet kan likevel tilbakevise den som uten å være advokat, søker erverv ved å opptre for andre i forvaltningssaker, men ikke i saker der vedkommende har rett til å yte rettshjelp etter Domstolloven § 218. Tjenestemann tilsatt ved forvaltningsorgan innenfor det forvaltningsområde som saken hører under, kan ikke opptre som fullmektig.

Alle henvendelser i en sak kan gjøres ved fullmektig, og parten har rett til å ha med seg fullmektig når han møter personlig for forvaltningsorganet. Alle meddelelser og henvendelser fra forvaltningsorganet skal skje til partens fullmektig for såvidt forholdet dekkes av fullmakten. Når det finnes hensiktsmessig, kan parten også underrettes direkte. Parten kan kreve å bli underrettet ved siden av eller i stedet for fullmektigen.

Fullmektig som ikke er advokat, skal legge frem skriftlig fullmakt. Advokat behøver ikke å legge frem skriftlig fullmakt, med mindre forvaltningsorganet finner grunn til å kreve det.

018/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 NAUSTDAL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	21.05.2013	018/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 2-2013 Naustdal vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om status vedrørende utbygging av breiband i Naustdal kommune.
- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om status i arbeidet med etisk reglement i Naustdal kommune.
- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om oppfølging av trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 NAUSTDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 02. mai 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og regelmessig lagt fram for kontrollutvalet..

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2013 - Naustdal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Naustdal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	13.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	13.02.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrapport frå fylkesmannen. - Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor. - Orientering frå revisor.
022/10 VAR-sektoren .	12.05.10	Kvalitetssikring jfr. Presisering i revisjonsmeldinga for 2009. Abonnentar som ikkje betalar pga gamal avtale.	12.05.10: Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på arbeidet med kvalitetssikring av rutine kring etterkalkulasjon av sjølvkostområda. - Kontrollutvalet ber om å få tilsendt avtalane som har vore grunnlag for fritak eller halv avgift for vatn. - Kontrollutvalet ber om å få oversikt over storleiken på dei subsidierte vassavgiftene fordelt på dei to tidlegare vassverka. - Kontrollutvalet ber om å få admi si vurdering av korleis denne saka bør løysast og innanfor kva tidsperspektiv. -Frist for tbm 1. juni 2010. 27.05.10 Brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke endeleg svar, men fått tbm treng meir tid. Sjå sak tinging forvaltningsrevisjon VAR-sektoren.
Orientering om samhandlingsreforma i Naustdal kommune.		Aktuelt tema.	
025/10 Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid.			12.05.10 Vedtak KU: - KU ber om satus over pågåande inv.prosjekt. - KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta. 27.05.10 s. brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke svar 27.03.12 Sendt nytt brev frå KU til Naustdal kommune, Ikkje motteke svar. Sjå sak 36/12
039/10 Eventuelt	03.11.10		04.11.10 Brev til rådmann med innkalling til orientering om følgjande saker: - Oppvekst og kultur i Naustdal kommune. o Luftkampmuseet – Er drift av Luftkampmuseet i tråd med kommunestyrevedtak og vedtekter?

03/11 Fv-rapport "Økonomistyring – tenesteanalyse PLO bruk av KOSTRA	28.03.11		28.03.11 Tilråding til kst. 28.05.11 Vedtak i KS Sjå sak 006/13
13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – "Sjølkbereknningar VAR sektoren."	01.06.11		01.06.11 Vedtak KU - Tingsdokument godkjent 01.06.11 Bestilling sendt til KRYSS. 10.11.11 Motteke statusoversyn over tinga forvaltningsrevisjon. 04.09.12 E-post frå KRYSS-revisjon - statusoppdatering -forvaltningsrevisjonsprosjekt. Sjå sak 40/12
036/11 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum.	16.12.11		16.12.11 Vedtak i KU - Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmann for å orientere om Naustdal kommune sine rutinar på tilbakemelding på henvendingar til kommunen på neste møte i kontrollutvalet. Neste møte i kontrollutvalet er planlagt i siste del av februar. - Sendt brev til Naustdal kommune vedrørende orientering frå rådmann. Sjå sak 004/12
004/12 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum.	26.03.12		26.03.12: KU Vedtak - Saka vert utsett til neste møte. 09.05.12 Kalle inn rådmann til kontrollutvalsmøtet den 2. oktober 2012 Utsett til 3. desember
015/12 Orientering – etisk reglement i Naustdal kommune.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Arbeidet med etisk reglement er ikkje starta. Kontrollutvalet tek orienteringa om etisk reglement i Naustdal kommune til vitande.
021/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport - Økonomistyring – tenesteanalyse av pleie og omsorg gjennom bruk av kostra.	17.09.12		17.09.12 Vedtak i KU: SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følge opp kommunestyrevedtak 028/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – pleie og omsorg. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport. Sjå sak 006/13
025/12 Eventuelt	17.09.12		17.09.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet endra møtetidspunkt for møtet 2. oktober til 3. desember. -Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum på neste møte i kontrollutvalet. -Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med etisk reglement i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet. -Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet. -Kontrollutvalet ynskjer at rådmann orienterer om status på breibands utbygging i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet. -Rådmann orienterte om personalsak ved Naustdal barne og ungdomsskule.

			20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune - «Orientering om status på breibands utbygging i Naustdal kommune. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – «Orientering om status i arbeidet med trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune» 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – «Orientering – Rutinar for tilbakemelding på hen vendingar til Naustdal kommune frå publikum. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – «Orientering om etisk reglement i Naustdal kommune».
026/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap.			17.09.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om selskap som Naustdal kommune er medeigar i på neste møte i kontrollutvalet. -Kontrollutvalet ber også om status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsmelding i Naustdal kommune. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune - «Orienteing om Naustdal kommune sin eigarskap i selskap»
029/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – «Økonomistyring – tenesteanalyse av pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA.	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: - Rådmann gir kontrollutvalet ei skriftleg orientering vedrørende oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Tenesteanalyse av pleie og omsorg gjennom bruk av KOSTRA» innan 15.01.2013. - Saka vert teke opp på nytt på første møte i kontrollutvalet i 2013. Sjå sak 006/13
033/12 Orientering – om breibandsutbygging i Naustdal kommune	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Rådmannen si oreintering om status på breibandsutbygging i Naustdal kommune vert teken til vitande. - Kommunen har sendt skriv til grendalaga for å kartlegge flaskehalsar i breibandet i kommunen. - Kommunen vil møte Telenor for å ta opp dekning i grender som har problem med breibandsdekning.
036/12 Undersøking – investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune - Tinging	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir bedt om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune. 20.11.12 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.
039/12 Revisjonsrapport – Vurdering av vassverkavtalar.	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: -Kommunesyret viser til rapporten ”Vurdering vassverkavtalar” utarbeidd av KRYSS-revisjon og datert 19.november. 2012. -Kommunestyret ber administrasjonen ta konklusjonen og innhaldet i rapporten til vitande. 04.12.12 Sendt til kommunestyret.
040/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren – Naustdal kommune	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren” frå KRYSS-revisjon, datert 19.11.2012 og til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet

			sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Kommunestyret tek rapporten til orientering, med følgjande vurdering og konklusjon: Kommunestyret merkar seg konklusjonen om at dei nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i VA samsvarar med dei tilrådingar og normer som er lagt til grunn i H-2140 "Retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester". 04.12.12 Sendt til kommunestyret. 13.12.13 Vedtak i kommunestyret.
041/12 Orientering – Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum,	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: Orienteringa om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum er tatt til vitande. Det blei utdelt skriftleg orientering i møtet vedrørande rutinar og tiltak for å sikre tilbakemelding og det blir vist til denne. Kommunen vil innføre kvalitetssystem for å ivareta reglement og retningslinjer for tilbakemelding.
042/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: Orienteringa om rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum er tatt til vitande. - Kommunen vil utarbeide eigarskapsstrategi og eigarmelding for kommunalt eigde selskap innan 1. mai 2013.
001/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Ingen merknadar til innkalling og sakliste..
002/13 Skriv og meldingar	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
003/13 Opplæring – handtering av elektronisk utsending av dokument.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Ipad blei levert ut og opplæring gjennomført.
004/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Naustdal	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjent. 15.02.2013 Saka sendt til ks.
005/13 Møteplan for kontrollutvalet i Naustdal.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Møteplan for kontrollutvalet i Naustdal for 2013 vert godkjent.
006/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomistyring – Tenesteanalyse av pleie og	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: - Det vert vist til brev frå rådmann «Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomistyring – tenesteanalyse av Pleie- og omsorg gjennom bruk

omsorg gjennom bruk av KOSTRA			av KOSTRA», datert 24.01.2013. - Kontrollutvalet sender saka til kommunestyrt som skriv og melding. 15.02.13 Sendt til kst til orientering. 21.03.13 til orientering i kst.
007/13 Statusliste med oppfølging av kommunestyrevedtak.	12.02.13		12.02.13Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.
008/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	12.02.13		12.02.13Vedtak i KU: Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Naustdal kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 11. januar 2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering. 15.02.13 Sendt til KS til orientering. 21.03.13 Til orientering i kst.
009/13 Overordna analyse – Naustdal kommune.	12.02.13		12.02.13Vedtak i KU: - Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Naustdal kommune» med vedlegg, datert 4. februar 2012 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS-revisjon i møtet. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. - Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.
010/13 Oppfølgingsliste 5-2012 Naustdal.	12.02.13		12.02.13Vedtak i KU: Teken til vitande.
011/13 Eventuelt	12.02.13		12.02.13Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.
Oppdatert 02.05.2013			

019/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet Kommunestyre	21.05.2013 -	019/13 -	- -	Nei Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet vedtek å flytte neste møte frå 9. September til 29. August.
- Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmannen for å orienter om sektor skule og kultur på neste møte i kontrollutvalet.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.